

## **Oppsummering etter Liv og Lyst reiselivsmøte 9. mai 2023**

Liv og Lyst sto som arrangør for møtet. Linda Husa ønska velkommen og sa at målet med møtet var å få synspunkt og innspel frå innbyggjarane på ulike spørsmål om reiselivssatsinga på Fedje. Ca 20 personar var møtt fram, der dei fleste lokale reiselivsaktørane var tilstades.

Bente Bratland Holm tidlegare reiselivsdirektør i Innovasjon Norge, no styreleiar i Fedje Island heldt innlegg om fakta, forsking og trendar innafor ei berekraftig reiselivsutvikling. Tobby Sander dagleg leiar i Osterøy Utvikling AS heldt innlegg om vertskapsrolla.

Etter desse innlegga vart det diskutert rundt borda kring tre spørsmål. Oppsummeringa under er ei tilbakemelding frå drøftingar som vart tilbakemeldt i plenum.

### **Korleis ønskjer me at destinasjonen Fedje skal utvikla seg?**

Viktig at destinasjonen bidreg til at fleire kan komme til Fedje. Til dømes er det viktig å få ungdom som har flytta ut, tilbake til Fedje. Å lukkast i å byggja ei heilårsdestinasjon då det opnar for fleire arbeidsplassar, men vil òg skapa positiv aktivitet som trekker folk til øya. Skal det vera kjekt å bu på Fedje må det vera litt liv og røre.

Få dagsturturistar til å vera på Fedje lengre, og at miljøet og aktivitetane vert like hyggeleg for dei som bur her som for dei som kjem til øya.

Når det gjeld identiteten på Fedje med ro og sjela, er det viktig å bevare særpreget. Å lukkast i å skapa gode opplevinga og samtidig ta omsyn til at samfunnet her er lite og at gjestane kjem så tett på her er unikt i seg sjølv.

Presentera Fedje med alt me er i alt slags vær. Når ein kan selja Nordlys i Nord-Norge, kan me selja uvær på Fedje. Selja det unike og få fleire til å selja den gode historia vår. Nytte høve til å etablera reiselivsutdanning.

Innspel frå Tobby Sander om at Fylkeskommunen har BIO midlar det kan søkjast om for å arrangere lokale vertskapskurs.

### **Kva vil det seia å vera vertskap?**

Me er vertskap heile tida, både når me vil og ikkje vil vera det. Viktig å vera medviten om at me er det, som til dømes når det er noko som irriterer oss er me også vertskap. Feiringane må i større grad framsnakke kvarandre og dei som prøver å få til noko, og i mindre grad nytta sosiale media som kanal for å spreia misnøye.

På Fedje helsar alle på kvarandre, anten ein kjenner kvarandre eller ikkje.

Me er eit godt vertskap når folk er personleg og byr på seg sjølv. Det ligg i DNA èt til folket på Fedje som øyfolk at me hjelper kvarandre. Dette er gode verdifulle haldningar som gjestar som kjem til Fedje legg merke til. Til dømes er kultur for å sjå til kvarandre sine ungar, anten det er på badestranda eller andre plasser.

### **Kva skal til for at Fedje skal bli et fyrtårn i Nordhordland?**

Det vart litt diskusjon om me sjølv skulle seia at me er eit fyrtårn i Nordhordland. Betre om andre opplever oss slik, enn at me seier det om oss sjølv. (Me går foran som eit godt eksempel)

Det var gitt tilbakemelding frå gruppene om at Feddie er dyktige til å marknadsføra seg og Fedje.

Eit fyrtårn kan sjåast på som en plass det er vert å reisa til. Me får til ting som er verdt å sjå/oppleva.  
Eit levande kystsamfunn – det er det me skal selja!

Siri Fahlvik Pettersen

Referent

Fedje den 10.05.23